

Colombia: 23 fangar drepne og meir enn 80 skadd i opptøyar

Basert på ein artikkel frå [A Nova Democracia](#)

Den 22. mars blei 23 personar drepne og 83 fangar er skadd under opptøyar i La Monda, eit av dei største fengsla i Bogota, Colombia, midt under den økonomiske, helse og sosiale krise forverra av koronaviruset.

På den dagen, vart det organisert demonstrasjonar og opptøyar i fleire av landet sine fengsel mot dei dårlege helsetilstandane og overfylte fengsla. Minst 13 fengsel har meldt om opptøyar, med 32 insette og 7 skadde på sjukehus, inkludert to vakter som er alvorleg skadd.

Den mest valdelege oppstanden fann stad i La Monda, i hovudstaden. I videoen under kan ein sjå familiemedlemmane til dei innsatte som har samla seg utanfor fengselet medan ein kan høyra skudd og madrasser var brent inne i fengselet. Familiemedlemmane, inkludert eldre menn og kvinner, funksjonshemja personer og born som var hindra i å sjå de innsatte, stod tappert i mot politibarrikaden.

Fangane i fengsla hadde også sendt videoar frå innsida av murane til fengsla til både pressa og familiane sine. Disse bekrefta valden represjonens styrkar har brukt i hovudstaden, og også i Medellín, Ibagué, Boyacá og andre byar i landet, som om det var ei slagmark. Hovudstadens innbyggjarar har også tidlegare høyrte skudd i frå fengselet.

Fengsla i Colombia har ein kapasitet til å husa 81.000 innsette, men dei har no meir enn 123.000 innsette, ifølge statistikk frå justisdepartementet.

Dei store opptøyane i fengsla leda til eit hastemøte mellom represjonsstyrkar i forsvars- og justisdepartementet den 23. mars. Eit av tiltaka som er vurdert av regjeringa er å erklæra "fengselskrise i landet". Det vil gi den gamle staten meir makt til å overføra innsatte til andre fengsel, isolera fengsla, og til å be om assistanse frå justis, helse- og beredskapsmyndigheiter for å handtera samanstøyt.